



## Statens vegvesen

Rambøll Norge AS  
Storgata 25  
6002 ÅLESUND

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Jan-Kristian Janson - 97973248

Vår referanse:  
2015/082892-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.08.2015

### Uttale til melding om oppstart av områdeplan og høyring av planprogram ved Svemorka i Stranda kommune

Viser til dykkar brev av 22.06.2015.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riks- og fylkesveg, høvesvis på vegne av staten og fylkeskommunen, og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen har eit særleg ansvar for trafikktryggleik og er difor spesielt nøgd med at ei av målsettingane for områdeplanen er forbetring av gang- og sykkelvegnettet. Vi vil i det høve peike på at bustadområdet må ha eit gang- og sykkeltilbod til busstopp og kringliggande gang- og sykkelvegnett. I tillegg må ein sjå på forholda rundt kollektivtrafikk med tanke på at nyvegen kan verte mykje brukt av bussar pga. kvalitet på veg og trafikktryggleik; spesielt om vinteren. Ein må da vurdere om det er behov for haldeplass ein stad på Svemorka mellom fylkesveg 60 og tunnelopninga. Løysingar for kollektivtrafikken må ein diskutere med Møre og Romsdal fylkeskommune som skal drifte tilbodet.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*for Gitte Bleiermann*  
for Lisbeth Smørholm  
seksjonsleder

*Jan-Kristian Janson*  
Jan-Kristian Janson

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks: